

Forslag U2:

La verneområda vere i fred!

Ein del politikarar frå ymse politiske parti ynskjer tydelegvis omkamp om dei verna elvane og verneområda våre. I det siste er det såleis kome høglytte krav om at ein må tillate kraftutbygging også i verna elvar og verneområde. I grunngjevinga for desse krava vert det og gjerne hevda at dette kan skje på ein "skånsam måte" og at det her er snakk om fornybar energi som Noreg og verda treng.

Ein av grunnane til at desse forsøka på "omkamp" kjem akkurat no, er nok at det etter kvart har vorte vanskeleg å finne høvelege kraftprosjekt mange stader då mykje kraft alt er bygt ut eller er under konsesjonshandsaming. Ein kastar difor augo på dei etter måten små verneområda våre som ein skulle tru har fått "varig vern", men som no står i fare for å misse dette vernet.

Ein skulle tru at mange nok elvar og fossar er lagde i røyr om ein ikkje og skulle gå laus på verneområda våre. Det er sjølvsagt heller ikkje slik at ei kraftutbygging, sjølv om det "berre" er snakk om småkraft, kan gjennomførast utan fylgjer for landskapet og dyre- og plantelivet. Det mest synlege vil m.a. vere at vassføringa i elvane er kraftig redusert over lengre strekningar og fossar forsvinn, og dette vil sjølvsagt stå i motsetnad til verneføremålet som først og fremst er å ta vare på naturen slik den har vore gjennom lange tider. At dette er fornybar energi, bør heller ikkje vere noko argument for å gå inn i verneområda. Produksjon av fornybar energi må heile tida balanserast opp mot omsynet til naturen og naturmangfaldet, og den fornybare energien må skaffast på annan måte enn ved å skade dei etter måten små verneområda våre.

Berre ein mindre del av det norske landskapet har fått vernestatus, og i staden for å bygge ned vernet av dei eksisterande verneområda, bør vi heller tilrettelegge for nye verneområde, kanskje særleg i kystområda. Det vil nok heller ikkje vere nokon god reklame for rike Noreg at vi ikkje viser vilje til å ta vare på verneområda våre!

*Forslagsstillar Jon Farestveit, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Fråsegna et utarbeidd med tanke på media og politiske parti*